

Sakspapir

| | | | |
|----------------|--------------------|-------------|-------------------------------|
| | | | |
| Sakshandsamar: | <i>Ketil Tjore</i> | | |
| Arkivsaknr.: | 23/473 | Klassering: | FE-082, HistSak- 19/621 |

Oppdatering etter valet av forskrift om folkevalde sine arbeidsvilkår - Austrheim kommune

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Formannskapet rår kommunestyret til å vedta «Forskrift om folkevalde sine arbeidsvilkår - Austrheim kommune - frå 01.01.2024». Forskrifta vert lagt ut på høyring fram mot kommunestyret si handsaming, med høyringsfrist 6. desember.

Saksopplysningar:

Bakgrunn

Kommunestyret vedtok i juni 2023 ny «Forskrift om folkevalde sine arbeidsvilkår - Austrheim kommune», som skulle gjelda frå 1. januar 2024. Etter valet er det komme inn innspel frå partia om endring av forskrifta.

I den gjeldande forskrifta, og i den som vart vedteken i juni, heiter det at forskrifta for godtgjering til folkevalde ikkje kan endrast av det sitjande kommunestyret. I forskrifta vedteken i juni er dette formulert som «§ 14 Revisjon av forskrifta. Kommunestyret kan revidera forskrifta. Om det vert gjort endringar i satsane skal dette gjelda frå den etterfølgjande kommunestyreperioden».

Kommunestyret er suverene til å endra på eigne vedtak, men ein kan jo vurdere å ta denne setninga ut av forskrifta sidan kommunestyret bryt med det vedtekne.

Det står i kommunelova at det skal lagast forskrift for det som har med godtgjering til folkevalde å gjera, medrekna ettergodtgjering, jamfør kommunelova § 8-3, § 8-4, § 8-5 med fleire.

Ei forskrift skal etter forvaltningslova § 37 med fleire utferdigast på ein eigen måte, og den skal i regelen leggest ut på høyring før vedtak. I denne saka må det på grunn av tida leggest opp til at formannskapet 27. november legg forskrifta ut på høyring, eventuelt etter å ha gjort endringar, og at kommunestyret så får den direkte til handsaming saman med eventuelle høyringsinnspel.

Vurdering

Økonomien er vist i Excel-vedlegget.

Om enkeltpunkt i forskrifta, der det er større endringar frå dagens forskrift:

- I innspelet frå dei folkevalde etter valet er godtgjeringa til varaordførar auka frå 9 til 12 prosent, og det er lagt inn nokre tilleggspunkt, her med administrasjonen sine kommentarar:
 1. *Varaordføraren er ikkje frikjøpt* (Forstått av administrasjonen som at det ikkje er mogleg å søka refusjon av tapt arbeidsforteneste. Det er mange verv med møte på dagtid der varaordførar er vara for ordførar).
 2. *Godtgjersla til varaordførar dekker og perioden ordførar har ferie. Ved annan samanhengande teneste, er godtgjeringa lik ordføraren si godtgjering* (Dette er ei endring av dagens forskrift, i praksis er ordførar tilgjengeleg på telefon ved behov om sommaren/annan ferie, og det er ingen vikar «på huset». Administrasjonen har sett opp dagens tekst vidare)
- I innspelet frå dei folkevalde etter valet er ordninga for ettergodtgjering endra: *Ordførar har krav på ettergodtgjersle ved utløp av valperioden i inntil tre månader dersom ordføraren ikkje går inn i ny stilling eller går ut i 100 % pensjon. Viss det skjer så har ordførar rett på ettergodtgjersle for ein og ein halv måned som kompensasjon for manglande opptente feriepengar* (Her har administrasjonen stramma inn teksten noko, med tanke på at det kan bli tolkingsspørsmål om ein kan ha godtgjering og halv pensjon, og om to månader med ettergodtgjering kan kombinerast med halvannen måned feriepengar. I tillegg er det no sett opp feriepengar på same måte som for stortingsrepresentantar, der representantar som ikkje held fram etter nyval får feriepengar rekna ut frå godtgjering det siste året i valperioden, inkludert eventuell ettergodtgjering).
- I innspelet frå dei folkevalde etter valet er godtgjeringa til leiar i RMNF og Eldreråd sett til 2.657,25 kroner per møte (dette er nær på ei tredobling frå 2023, administrasjonen har sett dette noko lågare).
- I innspelet frå dei folkevalde etter valet er godtgjeringa til ungdomsrådet sett lågare enn det er i 2023, og mykje lågare enn for dei andre råda som til no har vore sett i same gruppe, som eldrerådet og rådet for menneske med nedsett funksjonsevne. Alle desse tre medverknadsråda er lovpålagde, etter same paragraf i Kommuneleva (§ 5-12), og det er naturleg at godtgjeringa er lik.
- I innspelet frå dei folkevalde etter valet er godtgjeringa til medlem i valstyret sett lågare enn vara i formannskapet. Valstyret er i utgangspunktet likt formannskapet, og andre medlemmer blir henta inn når det er naudsynt for kjønnsfordelinga. Desse møta (til dømes valdagen) kan vera rimeleg dryge på tid, og det er ikkje grunn til at godtgjeringa skal vera lågare enn vara til formannskapet. Administrasjonen har sett den lik som vara formannskap.

Konklusjon

Formannskapet rår kommunestyret til å vedta «Forskrift om folkevalde sine arbeidsvilkår - Austrheim kommune - frå 01.01.2024». Forskrifta vert lagt ut på høyring fram mot kommunestyret si handsaming, med høyringsfrist 6. desember.

Sakspartar